

Monsen på tredjeplass i meisterskapet i Fjellhaugen

14.03.2009



Ole Vidar Monsen vart tredjemann denne gongen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedalen-løparen Ole Vidar Monsen kom på tredjeplass i klasse 21-35 år då kvinnheradsmeisterskapet skulle avgjerast i god regi av Omvikdalen Idrettslag i Fjellhaugen laurdag



Det var ypperlege forhold under meisterskapet i Fjellhaugen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

To som også er kjende som fotballspelarar var raskare – Håvard Pedersen frå Ternen og Johannes Hjelmeland frå Omvikdalen. Det var ein suveren siger. Vinnartida til Pedersen i den 10 kilometer lange løypa var vel 29 minuttar, medan Monsen kom inn på knapt 32 minuttar.



Kari Bråtun i god driv mot mål- (Foto: Ola Matti Mathisen)



Astrid Haugland mot mål i Fjellhaugen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Rundt 100 stilte opp under perfekte forhold og uskedelingane gjorde seg som vanleg sterkt gjeldande. Det galdt ikkje minst – også som vanleg – dei med etternamnet Haugland!

Sundag er det stafettmeisterskap med Rosendal turnlag som arrangør og barnerenn er det begge dagar,



Catrine Haugland var raskast i 36-40-klassa (Foto: Ola Matti Mathisen).



Ingebjørg Haugland vann 14-årsklassa. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Slike var prestasjonane til dei andre uskedelingane:

- * I 10-årsklassa for jenter gjekk Veslemøy Haugland på 8,07 (1,3 kilometer) og i 10-årsklassa for gutar kom Karsten Andre Haugland inn på 9,54 medan Jakob Taranger gjekk på 10,08.
- * I 11-årsklassa (2 kilometer) der det var rangering kom Maren Bjørnebøle på andreplassen med 10,11 og Johannes Haugland på førsteplassen med 8,10.
- * Den tradisjonelle duellen i 13-årsklassa for jenter vart vunne av Kari Bråtun med 14,37 medan Katrine Yri Røssland vart nummer tre med 18,47.
- * 14-årsklassa for jenter vart vunne av Ingebjørg Haugland på 14,06.
- * I kvinner 21-35 år gjekk Sara Hjelmeland Arnesen på 18,59 medan Catrine Haugland vann klasse for kvinner 36-40 år med 17,55.
- * Oddmund Soldal var raskast i klasse menn 41-45 år med 32,35 medan Bjarne Lilleaas vann klasse menn 56-60 år med 34,56 foran Tormod Myklebust som hadde 36,28.
- * I menn 61-65 gjekk Pål Haugland på 37,02.
- * Astrid Haugland stilte i trim for kvinner over 50 år og gjekk på 16,35.

Av Ola Matti Mathisen